PROTOKOLL FOR STYREMØTE 4/2026

Møtet vart halde måndag 31.08.2025 klokka 18.00 i Skånevik Kultur- og Idrettshall. Styret var vedtaksdyktig.

Til stades frå styret:

- Erik Opheim Rognøy – Leiar
- Vidar Matre – Nestleiar
- June Marie Hornenes – Kasserar
- Kristine Ebne – Styremedlem
- Torleiv Sydnes – Styremedlem

Til stades frå gruppene:

- Toril Helle – Fotball
- Åse Hjelmervik – Handball
- Rebekka Ebbesvik – Handball
- Marie Bull-Tornøe - Trim
- Malin Grønfur - Trim
- Kari Johansson – Volleyball

SAKSLISTE

Vedtakssaker:

Sak 1: Godkjenning av innkalling.
Sak 2: Godkjenning av saksliste.
Sak 3: Godkjenning av protokoll frå styremøte nr. 3/2026.
Sak 4: Treningstider i idrettshallen haust-vår 2026/27
Sak 5: Rosa sløyfe-løpet 2026
Sak 6: Val av farge på shorts
Sak 7: Kjærlighetsstien
Sak 8: Andre saker lagt til ved oppstart av møtet.

Orienteringssaker:

O-sak 1: Andre saker lagt til ved oppstart av møtet:
- O-sak 1-1: Ny e-post leverandør
- O-sak 1-2: Bestilling av drakter
- O-sak 1-3: Klubbkolleksjon
- O-sak 1-4: Status sandvolleyballbanen

VEDTAKSSAKER

Sak 1: Godkjenning av innkalling.

Forlag til vedtak:

- Innkallinga godkjennast.

Det kom ingen innvendingar til innkallinga.

Vedtak:

- Innkallinga vart godkjent.

Sak 2: Godkjenning av saksliste.

Forslag til vedtak:

- Saksliste godkjennast.

Fire o-saker blei lagt til sakslista. Det kom ingen andre innvendingar til sakslista.

Vedtak:

- Saksliste vart godkjent.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 3: Godkjenning av protokoll frå møte nr. 3/2026

Forslag til vedtak:

- Protokoll frå styremøte 3/2026 godkjennast.

Det kom ingen innvendingar til protokoll for styremøte 3/2026.

Vedtak:

- Protokollen vart godkjent.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 4: Treningstider i idrettshallen haust-vår 2026/27

Idrettslaget disponerer idrettshallen til trening måndag-torsdag 17.00-22.00 og søndag 18.00-22.00. Idrettslaget bestemm sjølve korleis me ønskjer å disponere desse tidene.

Fredag og laurdag er satt av til andre arrangement i regi idrettshallen.

Alle gruppene (idrettsgreiner) i idrettslaget kan kome med ønskjer om treningstid i idrettshallen innanfor tidene idrettslaget disponerer. Gruppene blir samde om korleis tidene skal fordelast. Styret legg til rette for at gruppene kan møtast for å diskutere og tildele treningstider. Ved usemje mellom grupper og/eller lag, kan styret bestemme kven som skal tildelast treningstida det er usemje om.

Tildeling av treningstider blir derfor behandla i ordinært styremøte der alle gruppene kan stille og kome med sine ønskjer.

Gruppene i idrettslaget er:

- Fotball
- Handball
- Klatring
- Ski
- Trim
- Volleyball

Forslag til vedtak:

- Treningstidene, som avtalt mellom gruppene under styremøte 4-2026, vedtakast.

Styret i samarbeid med gruppene fekk tildelt treningstider til handball, klatring, trim og volleyball under møtet. Fotball var ikkje klar med sine ønskjer.

Vedtak:

- Handball, Klatring, Trim og Volleyball har fått tildelt treningstider under styremøtet. Fotball disponera resterande ledige treningstider og fordel desse til sine lag ved neste møte i fotballgruppa.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 5: Rosa sløyfe-løpet 2026

Det har kome ønskje om at idrettslaget tar opp at å arrangere Rosa sløyfe-løp. Dette har tidlegare år blitt arrangert av Trimgruppa. For at me skal kunne ta opp at dette arrangementet treng me ei arrangementskomité, som kan ta seg av planlegging og arrangering.

For idrettslaget sin del vil det vere eit ildsjel-løp som er aktuelt. Sjå https://www.rosasloyfelopet.no/bli-en-ildsjel/ for meir info.

Distanse det skal løypast/gåast bestemm arrangør.

Forslag til vedtak:

- Styret støttar initiativet til å arrangere rosa sløyfe ildsjel-løp hausten 2026 i regi idrettslaget forutsett at det melder seg ein arrangementskomité.

Vedtak:

- Styret støttar initiativet til å arrangere rosa sløyfe ildsjel-løp hausten 2026 i regi idrettslaget forutsett at det melder seg ein arrangementskomité.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 6: Val av farge på shorts

Styret har i tråd med årsmøtevedtak frå 2026 utført ny avstemming på kva farge medlemmane våre ønskjer på shortsane våre. Avstemminga blei utført i Spond med moglegheit for medlemmar, som

ikkje bruker Spond, til å sende si stemme på epost til styreleiar. Avstemminga blei opplyst om på Spond, på idrettslaget si heimeside, på Facebook, og ved plakatoppheng i sentrum.

Medlemmane kunne stemme over 3 alternative:

- Rød shortsar
- Blå shortsar
- Same for meg

Det kom inn 100 stemmer på Spond og 1 stemme på epost. Stemmane vart halde anonyme for alle andre enn styret. Stemmane fordelte seg slik:

- Rød shortsar: 39 stemmer
- Blå shortsar: 43 stemmer
- Same for meg: 19 stemmer

Forslag til vedtak:

- Skånevik Idrettslag skal bruke blå shortsar til draktene sine.

Det kom ingen innvendingar på korleis undersøkinga / avstemminga hadde blitt gjennomført eller på resultatet.

Vedtak:

- Skånevik Idrettslag skal bruke blå shortsar til draktene sine.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 7: Kjærlighetsstien

Elena Silvanovich har vald å trekkje seg som prosjektleiar for Kjærlighetsstien grunna belastning på jobben og mye reising, noko som gjer at ho ikkje har nok tid til å ta seg av prosjektet på ei god måte.

Styreleiar har ikkje kapasitet eller kompetanse til å drive prosjektet videre utan hjelp. For at prosjektet skal leve vidare er me avhengig av å få inn ei prosjektgruppe, som har den nødvendige kompetansen til å drive prosjektet videre.

Per-Jarle Sævareid og Roy Molnes har bidratt noko med idear for kva arbeide me kan utføre på dugnad for å få ned kostnadene, men i følgje HKE er det begrenset kva me kan utføre sjølve utan ein ansvarleg kompetent utførande part. Per-Jarle og Roy kan vere ei potensiell prosjektgruppe til å drive prosjektet videre. Styreleiar har på noverande tidspunkt ikkje vore i kontakt med Per-Jarle eller Roy sjølve, men håpar å få dette gjort i forkant av styremøtet.

Forslag til vedtak:

- **Forslag 1:** Skånevik Idrettslag avviklar lysløypa Kjærlighetsstien. Avviklinga skal annonserast og forklarast i Grannar (lesarbrev), på heimeside og på Facebook minimum 2 veker før arbeidet med avviklinga startar. Om nokon i Skånevik ønskjer å ta over ansvaret for Kjærlighetsstien før avviklinga har starta, forpliktar Skånevik Idrettslag seg til å overføre alle eksisterande avtaler, støttemidlar og utstyr knytt til Kjærlighetsstien vederlagsfritt til denne så langt det kan gjerast.

- **Forslag 2:** Styret gjer prosjektgruppa bestående av [sett in namn] og [sett in namn] fullmakt til å forsetje og fullføre arbeidet med å oppgradere lysløypa Kjærlighetsstien med nye lysmaster og lysarmaturar.

Styreleiar hadde i forkant av møtet, men etter sakslista blei sendt ut, vore i kontakt med Per Jarle Sævareid for å sjekke status og motivasjon til å vere med vidare i ei prosjektgruppe. Per Jarle sa seg villig til å bidra og ta ansvar for den tekniske planlegginga og utføreringa saman med Roy Molnes og Harry Strøm. Styreleier vil bistå med det administrative slik som søknader, budsjett, rekneskap, osv.

Styret var samstemte om at forslag 1 ikkje er noko idrettslaget ønskjer på noverande tidspunkt.

Vedtak:

- Styret gjer prosjektgruppa bestående av Per Jarle Sævareid, Roy Molnes, Harry Strøm og Erik Opheim Rognøy fullmakt til å forsetje og fullføre arbeidet med å oppgradere lysløypa Kjærlighetsstien med nye lysmaster og lysarmaturar forutsett at prosjektet blir fullfinansiert av støtte frå eksterne bidragsytarar.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 8: Andre saker lagt til ved oppstart av møtet

Det blei ikkje lagt til andre vedtakssaker under oppstarten av møtet.

ORIENTERINGSSAKER

O-sak 1: Andre saker lagt til ved oppstart av møtet

Følgjande o-saker blei lagt til ved oppstart av møtet:

O-sak 1-1: Ny e-postleverandør

Idrettslaget kjem til å bytte leverandør av e-post- og skytjenester. All gruppene får si eigen e-postadresse. Nokon få grupper har allereie eigen e-postadresse som dei bruker i forskjellig grad.

- fotball@skaanevikidrettslag.no (i bruk til ein viss grad)
- handball@skaanevikidrettslag.no (i bruk)

Resterande grupper får og si eigen e-postadresse:

- klatring@skaanevikidrettslag.no
- ski@skaanevikidrettslag.no
- trim@skaanevikidrettslag.no
- volleyball@skaanevikidrettslag.no

Med kvar e-postadresse kjem det og eigen konto på idrettslaget sin Teams og Sharepoint. Eigar av e-postadressa kan gje tilgang til andre brukarar til Sharepoint slik at alle i ei gruppe (og andre ved behov) kan få tilgang til Sharepoint og alle dokumenta og anna lagra av gruppa i skyen.

E-postadressa vil, når den er oppretta, bli distribuert til dei forskjellige særforbund innan NFF og blir kontaktpunktet mellom særforbund og tilhøyrande gruppe. Det er då viktig at gruppene bruker denne e-posten som avsendar i kommunikasjon med sine særforbund, til dømes NFF, NFF Rogaland, NVFB, osv.

Kvar gruppe bestemm sjølve kven og korleis tilgang til e-post, Teams og Sharepoint ordnast.

Me begynn med å overføre styret til ny leverandør slik at me får testa ut litt før resten av idrettslaget blir flytta over. Gruppene vil få beskjed når alt er på plass.

O-sak 1-2: Bestilling av drakter

Styret manglar fortsett oversikt over størrelsar med nummer for dei nye draktene. Viktig at fotballen og handballen tenkjer langsiktig når dei set opp oversikta. Det er tenkt korterma trøyer då det er lettare å tilpasse ei korterma trøye til kalde dagar (ta på seg noko ekstra under) enn til varme dagar, og korterma trøyer kan og brukast inne av handballen og volleyballen.

Keeperdrakter bestillast utanom minstebestillinga på 50 drakter. Minstebestillinga gjeld kunn dei rød-gul-stripete trøyene, då dette er designa spesielt for oss. Shortsar, sokkar og anna frå standardsortementet til Scan Trade har ikkje noko minstebestilling.

O-sak 1-3: Klubbkolleksjon

Alt er no klart hos Scan Trade og Sport 1 Etne for bestilling av klubbkolleksjon.

Kler bestillast hos Sport 1 Etne, trykkast opp hos Scan Trade i Vennesla, og hentast så hos Sport 1 Etne når klar. Sport 1 Etne trykker dessverre ikkje klubbkler sjølve.

Idrettslaget vil prøve å få til ein klubbkveld hos Sport 1 Etne innan kort tid. Me vil og få trykt opp nokon forskjellige størrelsar av dei forskjellige modellane slik at kjøparane kan sjå, kjenne og prøve før dei bestill.

O-sak 1-4: Status sandvolleyballbanen

Ikkje vært nett i år pga lite sand. Har vore i kontakt med leverandørar av sand. Sand av rett kvalitet og mengd kostar ca kr 30 000,-. Har fått kr 10 000,- frå SPN ildsjelfondet. Kjem til å søke SPN prosjektmidlar og andre plasser for å fullfinansiere. Utsett påfylling av sand til 2027.

Skånevik 04.09.2026

Erik Opheim Rognøy
Leiar

Vidar Matre
Nestleiar & sekretær